



Spar Seimstrand
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/18882

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2015

Etterlyser innrapportering av fettutskiljar Gbnr 171/56 Spar Seimstrand

Teknisk drift syner til brev datert 24.02.2014 og Dykkar svar datert 20.03.2014, samt etterlysing av rapportering frå teknisk drift 30.05.2014 og Dykkar svar på dette den 01.06.2014. Teknisk drift har utført synfaring ved Spar Seimstrand 18. juni 2014. Teknisk drift har fått sett plassering av anlegg men tømmerapport og vedlikehaldsrapport var ikkje tilgjengeleg for kontroll.

Teknisk drift har framleis ikkje motteke noe form for rapportering av fettutskiljar ved Dykkar verksemd. Vi minner om rapporteringsplikt til kommunen vedkomande drift og vedlikehald av utskiljar anlegg.

I brev datert 24.02.2014 etterlyste vi følgjande:

- Type fett utskiljar/Produktsertifikat
- Størrelse på utskiljar anlegg (kapasitet)
- Berekningsgrunnlag - dimensjonering av spillvatn/belastning
- Plassering av anlegg
- Tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør (avtale skal være signert av begge partar)
- Tømmer- og vedlikehaldsrapport for dei to siste åra (tømmefrekvens i Lindås kommune er 3-12 gonger i året)
- Temperaturmåling over minimum 3,5 døgn før tømming. Skal tømmast minimum ein gong pr.år.
- Dokumentasjon på kven som har installert utskiljar anlegget

Frist for innsending av dokumentasjon: 01.04.2014

Verksemder som er pålagt å ha fett utskiljar er følgjande:

- Restaurantar
- Kafe/konditorier
- Catering/ferdig matprodusentar
- Gatekjøkken/kiosker
- Kantiner
- Kjøttforedlingsbedrifter
- Bakerier
- Meierier



- Matbutikker med Steike-/grillavdeling

Lindås kommune gjer merksam på at årleg inn rapporteringsfrist etter dette blir sett til 01.februar påfølgjande år. Dersom inn rapportering ikkje kjem inn innan fristen, kjem Lindås kommune til å følgje dette opp.

Dersom Dykkar verksemd ikkje har tømmeavtale med autorisert tømmefirma, må ein få dette på plass. Det er ei rekke firma ein kan ta kontakt med for å inngå tømmeavtale, til dømes: Johnny Birkeland Transport, Franzefoss, Veolia mfl

Vi ber om at tømme- og vedlikehaldsrapport, temperaturlogg og dokumentasjon på utskiljar (type, størrelse, berekningsgrunnlag) samt underskriven tømmeavtale med tømmeoperatør vert sendt inn til kommunen innan 15. juni 2015.

Det er med heimel i forureniningsforskrifta Kapittel 15 § 15A-4, lokal forskrift for fettutskiljar Lindås kommune, samt Standard Abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser - at Teknisk drift nå sett ei frist for innrapportering av utskiljaranlegg ved Dykkar verksemde.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Helgesen

Mottakarar:
Spar Seimstrand

5912

SEIM